



Hyttecontainaren blir plassert her, framfor Gamleskulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er no stadfesta frå SIM at boscontainaren er på plass i Uskedalen innan ei veke, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal til uskedalen.no Plasseringa er i sentrum ved sida av glasigloen vd Gamleskulen.

Containaren som vi no får er ein nyoppussa hyttecontainar med skilting på fleire språk. Merkinga fortel kva han skal nyttast til og at misbruk ikkje vil verta tolerert. Uskedalen Utvikling vil ha tilsyn med bruken og det vert sterkt oppmoda om at alle som har anna form for renovasjonsordning, ikkje brukar hyttecontainaren.

Uskedalen Utvikling har jobba med denne saka over lang tid og no vonar alle at vi har funne ei god og varig ordning, seier Bringedal. Uskedalen har fått eit dårleg ord på seg gjennom "den vandrande containaren" som til slutt vart fjerna heilt av SIM.

At det no blir ro rundt containarbruken vonar også båtlaget, som for kort tid sidan opplevde at det inntil deira containar var plassert bos, som så vart spreidd av fuglane rundt i heile området.

Som ei prøveordning i år vil dei halda containaren open for båtfolket og vonar at heller ikkje denne blir misbrukt.

Dermed skulle Uskedalen sentrum samla sett ha eit godt tilbod for dei som ikkje er knytt til faste renovasjonsordningar.

Det neste som må løysast er renovasjonsordning for Skorpo og denne saka skal etter kva uskedalen.no erfarer drøftast i kommunen om stutt tid..

Av Ola Matti Mathisen



Slik såg det ut rundt båtlagets containar for kort tid sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)